

Arbeidet med GULL AV GRUS går vidare.

17.10.2015



Harald Sunde og Johannes Hjønnevåg godt i gang med rydgearbeidet.

Eldsjelene bak det flotte GULL AV GRUS-prosjektet kviler ikkje på laurbæra sjølv om kunstgrasbanen vart opna for bruk for knappe to veker sidan. No er arbeidsgruppa klar til å gå i gang med byggjesteg 2, og fredag var Harald Sunde og Johannes Hjønnevåg i full gang med trefelling og rydjing for å klargjera til aktivitetsløypa rundt banen.



Harald Sunde stod for felling og kvisting.

Det var på langsida av banen ned mot stien til Neset dei to dreiv på med dette arbeidet. Då eg vitja dei i 10-tida fredag, var dei alt godt i gang. Harald styrte motorsaga og stod for felling og kvisting, medan Johannes sytte for lessing og vekkøyring av greinene.

Dei endelige teikningane av aktivitetsløypa med innlagte postar, er snart klar til presentasjon. Den vil vera tilpassa alle aldersgrupper frå småborn til pensjonistar i høg alder. Vi gleder oss både til å sjå teikningane, og ikkje minst det ferdige prosjektet! Deler av grushaugane som ligg i eine enden av banen skal brukast til utforminga.

Og medan vi gleder oss, arbeider dugnadsgjengen ustoppable. Imponerande!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland